

Fortgang i nettutbygginga.

Ein av konklusjonane til Energikommisjonen var som følgjer: «Meir av alt raskare». Dette gjeld også utbygging og oppgradering av fornybar energi. Men utan eit oppgradert og meir robust nett til å frakte straumen, så vil ikkje industrien kunne utnytte og få distribuert straumen effektivt der det til ei kvar tid er behov for straumen. Dette er særleg aktuelt på Vestlandet grunna utfordrande topografi og skiftande terreng.

For å unngå industridød grunna høge straumprisar, som ein konsekvens av straumunderskot og straumprissmitte, må det bli lagt press på styresmaktene for å få fortgang i oppgraderinga og utbygginga av straumnettet. LO har alt teke eit initiativ om dette overfor Statkraft og Statnett og fått positive tilbakemeldingar.

Skal me få dette på plass raskt nok, må Regjering og Storting legge press på dei ulike etatane som skal behandle sakene for å få fortgang i prosessane. Det er viktig å understreke at det blir bede om kortare behandlingstid og ikkje mindre grundig behandling og vurdering.

Natur, klima og andre miljøomsyn må vektleggjast og vurderast. Alternative nettløysingar som sjø- og jordkabel må brukast når viktige omsyn tilseier dette. Det er også viktig at oppdrag og anbodsprosessar legg til rette for å byggje opp norsk kompetanse og kapasitet i norske føretak, og det byggjer opp under den norske modellen og som styrkjer tariffavtalane.